Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 – Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Balestrand

Emne: Mjølk Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: J. Skåsheim Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja – for det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fru Brita Skaasheim, 68 år f. Målsnes
Frk Anna Sogrov, 24 år, Skei i Jølster. –

SVAR

1. Bruken av mjølk har skift etter tidene. – Etter dei store krigane frå 1918 – og 1945 auka bruken av mjølk mykje.

2. Dei nytta ofte mjølk til torstadrikka (drikka seg utyrste) utan at dei åt til. Serleg var det då gildt å få spenavarm mjølk (nymjølka) – for ferdefolk som kom langveges frå.

3. Av kjerning fekk dei saup – av ysting mysa og av uppsett-mjølk fekk dei skyr. Av mjølk kokte dei brim. Dei blanda mjølk eller mysa med vatn til blanda. Det var mykje nytta til torstadrikka i onni.

Brim blanda dei og med vatn til brimblanda. Men det var ikkje so godt.

Beste blanda var

5604

rina mysa (islendsk i - ikkje i.)
med det same den ferske
mysa tok til å syrna.
Mjølkedrikka og blanda
vert endå mykje nytta -
men likevel langt mindre
enn tidlegare - i alle håve
på dei stader dei har frukt
og bær. Der nyttar dei no
mykje saftblanda.

4. Øl.

Heimebryggja øl til
kvardagsdrykk har ikkje vore
nytta i manns minne.
Men dei bryggja tvo gonger um
året - til jol og til
våronni. Dei bryggja og når
dei hadde serleg store arbeid
for seg - husbyggjing, jekte-
byggjing o. a. -
I joli drakk dei
dagleg øl. I våronni fekk
dei tunnt øl (lettadrikka),
dette nemnde dei og
spissel, m. a. skile tvo essar.
Handverkarar fekk
dagleg både godt øl og
lettadrikka - og gjerne ein
dram til. - Nokre jekte-
byggjarar bygde med vilje
ei jekt skeiv - skeiv-
skeiv - for det dei fekk
for lite godt- drikka. -
Dette sa dei Mossa-då
byggherren spurde meisteren

A. Skåsheim

5604

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

28- mjölk. 3

(formannen) kvifor dei hadde byggt soleis at jekti var kverdi.

Ved kvart brygg let dei lettadrikka renna av rosten so lenge det var takande.

5 Kaffi

Kaffi tok dei til å nytta i Sogn i dei inste bygder kring midten av 1800 talet.

Ei drivande kona som sette si ära i å fylgja godt med tidi var den fyrste som hadde fenge fat i kaffi.

Fyrste gong ho skulde koka kaffi hende dette: Då ho hadde late det koka lenge og havt mykje kaffi på sa ho - : „Eg skjöna meg ikkje paa dettar nya mjölet; eg faör da ikkje te aa kjukkna." Stadnamn vil eg her ikkje oppgiva. Dette hev eg samla i arbeidet for Historielaget for Sogn.

Kring 1890 tok kaffi til å verta brukt i høgtider og store festar.

6 kvardagsdrykk tok kaffien til å verta kring 1905.-

5604
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Men det gjekk slik for slik i det fyrste — og kvardagsdrikka for alle vart kaffi fyrst kring 1914. —

7. No drikk dei kaffi til bisk (frukost) og etter middagen.

8. Dei brukar kaffikvern — og hev finmala kaffi uppi kokande vatn.

Når kaffien er kokt let dei han skirna so grugget legg seg på botnen.

Å spå i kaffikoppen vert gjort for gaman — eller fantasi og lygskap — jamnast soleis som spåmannen gjöl ynskjer det.

9. Sukker vert brukt til kaffien, molasukker (raffinade).

I slutten av 1800 talet nytta dei kandis sukker — og brunt sukker. Bruk av sukker til kaffi tykkjest å minka. —

10. Det er mest vanleg å bruka fløyte eller mjølk i kaffien. Sume drikk og kaffien svart. Egg brukte dei ikkje vispa i kaffien. Derimot hadde dei stundom vispa egg i fløyten.

Når dei ikkje hadde fløyte hadde dei stundom smør i kaffien. Dette hende serleg då kyrne var på fjellet.

A. Skåsheim

5604

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Te

11 Te vert ikkje drukke til kvardags. Dei tok til å nyttate i ymse hove 1895. Kring hundradårsskiftet var hyllete mykje brukt mange stader.

Dei hev og sume stader laga te av tyttling-lauv (tytebær-lauv).

12. Brennevin.

Brennevin hev ikkje vore brukt til kvardags i manns minne. Men i høgtidsdagar og ved store arbeid fekk dei brennevin.

Serleg var dette brukt ved dugnader.

Ved ein stor dugnad der dei skulde køyra timber spurde bonden um han skulde skjenkja køyrarane spreåt eller etterpå. Ein drivar dugnadskar sa: " Skjenk karane godt fyre dei lesser på, dað verta hestane som kaste!" — (Bergsdalen)

13. Nyare kjøpedrikka vert ikkje brukt til kvardags. Men til helg og fest brukar dei kjøpeøl, vørterøl, selters, brus, eplemost, apelsino — o. a — Brukdo vørterøl og brus tykkjest å taka til. —

A. Skåsheim

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5604

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING